

Saksutgreiing

Arkivreferanse: 2026/468-2
Saksbehandlar: Tor Taraldsrud

Saksgang

Saksnummer	Møtedato	Utval
2026/37	18.06.2026	Kommunestyret

Høyring - Tafjord Kraftproduksjon AS, Fetegga pumpestasjon og regulering av Reindalsvatnet i Fjord kommune

Vedlegg

1	5968593_1_1.PDF
2	5968573_1_1.PDF

Saksutgreiing

NVE har motteke ein søknad frå Tafjord Kraftproduksjon AS om løyve til bygging og drift av Fetegga pumpestasjon, samt regulering av Reindalsvatnet, i Fjord kommune. Det vert og søkt om løyve til bygging og drift av 22 kV kraftline i tilknytning til pumpestasjonen. Søknaden blir no send på høyring til råka partar med høyringsfrist 26.06.2026.

Det er planlagt at pumpa skal overføre vatn frå Reindalsvatnet (kote 1173) til Heimste Viksvatn (kote 1302-1319). Pumpa er planlagt med eit effektbehov på 2,2 MW, og samla pumpeeffekt blir om lag 1,2 m³/s. Det blir samstundes søkt om å regulere Reindalsvatnet med 0,6 m.

Det blir også søkt om løyve etter energilova § 3-1 til bygging og drift av 22 kV kraftline/kabel med tilhøyrande koplingsanlegg i tilknytning til Fetegga pumpestasjon. Pumpa er planlagt kopla til dagens 22 kV endemast ved Viksvasshytta via sjøkabel i Heimste Viksvatn og kabel gjennom overføringstunnelen og røyrtraseen.

Søknaden er tilgjengeleg på NVE si nettside: www.nve.no/8809/V

NVE ynskjer fråsegn om:

Gjennom høyringa ønskjer NVE å få grunngjevne synspunkt på om planane i søknaden bør bli gjennomført, eventuelt val av alternativ eller forslag til avgrensingar i planane. Vi ønskjer også grunngjevne forslag til mildnande tiltak som kan redusere moglege skader ved den planlagde utbygginga. I tillegg ber vi om eventuelle kommentarar til om søknaden gir tilstrekkelege opplysningar om verknadane av tiltaket. Alle som har meiningar om saka, kan sende inn ei uttale.


Bygging av Fetegga pumpestasjon aukar kraftproduksjon med 8,4 GWh og flyttar 30,3 GWh frå sommar- til vintersesongen og reduserer fare for vasstap. Dette aukar inntektene og vi nyttar vassressursane på ein betre måte. Tafjord Kraftproduksjon har fallretten.

Vurdering


I og med at utbygginga flyttar 30,3 GWh frå sommar til vintersesongen må ein forvente ein høgare pris på den konsesjonskrafta som blir seld via Tafjord kraft fordi det normalt er høgare pris på vinteren. Uttaksprofilen (kor mykje konsesjonskraft som blir seld til ulike tider av året) må ein forvente vil endre seg slik at ein større del av krafta blir seld på vinteren. Dette vil gi noko auka kraftinntekter for Skjåk kommune. Vi kjenner ikkje framtidig pris og kan derfor ikkje si nokon meir konkret om kva det vil utgjera økonomisk for Skjåk kommune.

Nesten heile den europeiske bestanden av villrein finn ein i Norge. Vi har derfor eit spesielt ansvar for å ta vare på og forvalte villreinen slik at også framtidige generasjonar kan oppleve levedyktig bestand av villrein. Reinheimen-Breheimen villreinområde er eit nasjonalt villreinområde og ein del av Europeisk villreinregion. Villrein er oppført som trua art på den globale raudlista og som nær trua på den nasjonale raudlista. Villreinen lever i eit ekstremt miljø og det skal lite til før villreinen blir forstyrta med negative effektar på kondisjon og arealbruk. Reinheimen-Breheimen villreinområde er vurdert til å ha middels kvalitet etter kvalitetsnormen. På lengre sikt er målet god kvalitet. Da må ein legge til rette for at villrein kan få betre tilhøve i staden for å gi løyve til tiltak som kan ha negative konsekvensar for villrein.

Området ligg innanfor Reinheimen-Breheimen villreinområde og er registrert som barmarksbeite i naturbase.no (sjå kart under). Det ligg om lag ein km frå eit kjent kalvingsområde som har vore ubrukt i 15-20 år og som dei siste åra på ny har fått auka bruk. Mykje av arealbruken til villrein har normalt vore sørvest for tiltaksområdet. Men dei siste åra ser det ut til å ha endra seg noko. Til dømes var det funne ein god del simlegevir rundt Kollhøvatnet i fjor sommar, noko som kan tyde på kalving i nærleiken. Simlene mister geviret like etter kalving.



Kart over området, tiltaket er markert i kartet. I kartet ser ein også kalvingsområde for villrein (brun skravur) og registrerte trekkområder (grøn skravur). Kartet er henta frå naturbase.no.



Kart over området, tiltaket er markert i kartet. I kartet ser ein kalvingsområde for villrein (brun skravur)). Kartet er henta frå naturbase.no.

Tiltaket vil skape meir aktivitet og forstyrning i eit område som er viktig for villrein. Tiltaket vil kunne ha negative konsekvensar for villrein i samband med anleggsaktivitet. Når tiltaket er ferdig vil det truleg bli meir avgrensa med aktivitet i området og mindre negative konsekvensar for villrein.

Reindalsvatnet får 60 cm reguleringshøgde noko som kan skape meir usikker is i periodar. Dette kan ha negative konsekvensar for villrein som forsøker å krysse vatnet, men er neppe noko stort problem. Det er truleg sjeldan at villrein kryssar dette vatnet vinterstid. Reguleringshøgda på 60 cm er liten og påverkar truleg isen i mindre grad.

I og med at området ligg i nærleiken av eit kalvingsområde er det viktig å unngå forstyrning i den sårbare perioden på våren frå 15. april til 15. juni.

Kommunedirektøren si tilråding

Tiltaket vil skape meir aktivitet og forstyrning i eit område som er viktig for villrein. Skjåk kommune er derfor skeptiske til at det blir gjeve løyve til enno meir kraftutbygging i dette området.

Ved ein eventuell konsesjon forventar Skjåk kommune at auka produksjon og større andel av produksjonen vinterstid blir innlemma i den finansielle avtala med Tafjord kraft og vår uttaksprofil.

Kommunestyret si behandling av sak 37/2026 i møte den 18.06.2026:

Behandling

Tilleggsforslag frå Morten Kielland, (BL), i sak 37:

Tillegg etter 1.setning i tilrådinga:

Skjåk kommune ber NVE vurdere om opplysningane i søknaden med vedlegg frå Tafjord Kraft AS er tilstrekkelege når det gjeld påverknad på villrein.

Dei siste åra har villreinen i større del tatt i bruk dei nordvestlege område i villreinområdet. Med tanke på klimaendringar kan dette området bli meir verdifullt for villrein i framtida. Vurderingane tek i for liten grad omsyn til indirekte effektar som forstyrring, arealunngåing og endra arealbruk. Skjåk kommune oppfordrar NVE til å leggje vekt på både direkte og indirekte effektar av tiltaket, samt den samla belastninga på villreinområdet i si vurdering.

Det vart stemt over tilleggsforslag frå Kielland, og tilleggsforslaget vart samrøystes vedteke.

Det vart så stemt over innstillinga med vedteke tilleggsforslag, og dette samrøyses vedteke.

Vedtak

Tiltaket vil skape meir aktivitet og forstyrring i eit område som er viktig for villrein. Skjåk kommune er derfor skeptiske til at det blir gjeve løyve til enno meir kraftutbygging i dette området.

Skjåk kommune ber NVE vurdere om opplysningane i søknaden med vedlegg frå Tafjord Kraft AS er tilstrekkelege når det gjeld påverknad på villrein.

Dei siste åra har villreinen i større del tatt i bruk dei nordvestlege område i villreinområdet.

Med tanke på klimaendringar kan dette området bli meir verdifullt for villrein i framtida.

Vurderingane tek i for liten grad omsyn til indirekte effektar som forstyrring, arealunngåing og endra arealbruk. Skjåk kommune oppfordrar NVE til å leggje vekt på både direkte og indirekte effektar av tiltaket, samt den samla belastninga på villreinområdet i si vurdering.

Ved ein eventuell konsesjon forventar Skjåk kommune at auka produksjon og større andel av produksjonen vinterstid blir innlemma i den finansielle avtala med Tafjord kraft og vår uttaksprofil.